



Boot Jacks var populære både i Helgheim og dei andre stadene dei spelte for omlag 50 år sidan

På den store rockemønstringa Rocka 15 fekk vi eit gjensyn med to popgrupper som ofte spelte i Helgheim på 1960 talet. Fyrst ut var The Tempers med sin vokalist Lars Jostein Rørvik. Av andre medlemmer kjenner vi godt Knut Røyrvik og tidlegare politikar Knut Prestnes. Grappa hadde debuten sin i Friheim på ein juledans i 1966.

Om lag på same tid vart vi kjende vi The Boot Jacks. Dei var ofte i Helgheim i åra frå 1965 til 1970. Aasmund Kåre Røyrvik, med mor si frå Kvednavikjo i Uskedalen, var vokalist og spelte tangentinstrument. Begge gruppene hadde opphavet sitt frå Husnesområde, og ungdomshuset Friheim vart brukt som øvingslokale. På 1970 talet og framover rådde EDO grunnen, ei gruppe som delvis er aktive den dag i dag.

I Husneshallen i går fekk vi alle oppleve eit gjensyn med desse dansegruppene,- i form av musikk og intervju. Den kjende NRK mannen Halvor Folgerø var festleiar.



Tempers spela også til dans i Helgheim i ei tid då inngangsbilletten var 6-7 kroner.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland